

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1286/2000/EF

2001/EØS/57/08

av 19. juni 2000

om endring av vedlegg I, II og III til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2758/1999⁽²⁾, særleg artikkel 6, 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.
- 2) Maksimumsgrenser for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle viktige opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.
- 3) Når det skal fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).
- 4) Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Fellesskapet på dette området, bør maksimumsgrensene for restmengder vanlegvis fastsetjast for målvev i levra eller nyrene. Levra og nyrene vert ofte fjerna frå skrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdier for muskel- eller feittvev.

- 5) Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdier for egg, mjølk eller honning.
- 6) Fenoksymetylpenicillin bør først opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 7) Kalsiumaspartat, *rhei radix*, standardiserte ekstrakt og preparat som er framstilte av det, *matricaria recutita* og preparat som er framstilte av det, sinkaspartat, natriumsalisylat, salisylsyre, metylsalisylat, vismutsnitrat og basisk aluminiumsalisylat bør først opp i vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 8) For å gjere det mogleg å fullføre vitenskaplege granskingar bør metylprednisolon og acetylisovaleryltylosin først opp i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 9) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av rådsdirektiv 81/851/EØF⁽³⁾, sist endra ved direktiv 93/40/EØF⁽⁴⁾.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I, II og III til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 60. dagen etter at ho er kunnngjord.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnngjord i EFT L 145 av 20.6.1999, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 2/2001 av 31. januar 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 12 av 8.3.2001, s. 2.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 331 av 23.12.1999, s. 49.

⁽³⁾ TEF L 317 av 6.11.1981, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 214 av 24.8.1993, s. 31.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. juni 2000.

For Kommisjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommisjonen

VEDEGG

A. I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 (Liste over farmakologisk virksomme stoffer med fastsatte maksimumsgrenser for restmengder) vert følgjande nye stoff sett inn:

1. Anti-infektiva
- 1.2. Antibiotika
- 1.2.1. Penicilliner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Fenoksymetylpenicillin	Fenoksymetylpenicillin	Svin	25 µg/kg 25 µg/kg 25 µg/kg	Muskler Lever Nyrer»	

B. I vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90 (Liste over stoffer uten fastsatte maksimumsgrenser for restmengder) vert følgjande nye stoff sette inn:

2. Organiske forbindelser

Farmakologisk virksomme stof	Dyreart	Andre bestemmelser
«Basisk aluminiumsalisylat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler, unntatt fisk	Bare til lokal bruk
Vismutsubnitrat	Storfe	Bare til innføring i juret
Kalsiumaspartat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	
Metylsalisylat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler, unntatt fisk	Bare til lokal bruk
Salisylsyre	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler, unntatt fisk	Bare til lokal bruk
Natriumsalisylat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler, unntatt fisk	Bare til lokal bruk»
Sinkaspartat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	

6. Stoffer av vegetabilsk opprinnelse		Dyreart		Andre bestemmelser	
Farmakologisk virksomme stoffer		Dyreart		Andre bestemmelser	
« <i>Matricaria recutita</i> og preparater framstilt av det		Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler			
<i>Rhei radix</i> , standardiserte ekstrakter og preparater framstilt av det		Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler»			
C. I vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 (Liste over farmakologisk virksomme stoffer som benyttes i veterinærpreparater, og som har fastsatte midlertidige maksimumsgrenser) vert følgende nye stoff sette inn:					
1. Anti-infektiva					
1.2. Antibiotika					
1.2.2. Makrolider					
Farmakologisk virksomme stoffer		Dyreart		Målvev	
Restmarkør		Dyreart		Målvev	
Summen av acetylisovaleryltylosin og 3-O-acetyltylosin		Svin		Muskler Hud og fett Lever Nyrer	
				MIDLERTIDIGE MRL utløper 1.7.2001»	
7. Kortikoider					
7.1. Glukokortikoider					
Farmakologisk virksomme stoffer		Dyreart		Målvev	
Restmarkør		Dyreart		Målvev	
Metylprednisolon		Storfe		Muskler Fett Lever Nyrer	
				MIDLERTIDIGE MRL utløper 1.7.2001. Skal ikke brukes til dyr som gir melk beregnet på konsum»	